



Dato: 16.11.2007
Arkivref: 2007/1022-7753/2007



Saksbeh.: Kristin Dyrkorn

Saksnr 37/07 Utval Levekårsutvalet

Møtedato 06.12.2007

Høringsuttale om endringer i lov om barnehagar.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Levekårsutvalet har følgjande framlegg til høyring om endringer i barnehagelova:

1) Rett til barnehageplass.

Ingen merknad til framlegget frå departementet om lovfesta rett for barn som har fylt 1 år ved hovudopptak frå 2009 i ny §12.a i lov om barnehagar.

2) Rammefinansiering.

Ved overgang frå statstilskot til rammeoverføringar for midlar til barnehagedrift, er det viktig med overgangsordningar som gjer at kommunen ikkje får brå endringer i inntektene. Ein er samd i vurderingane til departementet om at kvalitetshevingsmidlar må ligge utanom midlane i rammeoverføringane.

3) Finansiering av ikkje-kommunale barnehagar

Departementet har fire framlegg, to der kommunen sjølv skal lage forskrift for kommunalt tilskot til ikkje-kommunale barnehagar og to der det vert sett ein prosentsats gjennom lovverk. Ein finn å kunne støtte alternativ tre i ny §14, då denne gir lik handsaming av godkjente ikkje-kommunale barnehagar, samtidig som kommunen sjølv har større råderett i høve til å vurdere om ein skal gi støtte til nye barnehagar etter 2009.

4) Registrering og rapportering av fødselsnummer

Barnehagane har registrerings- og rapporteringsansvar etter kontantstøtte ordninga og likningslova pr. i dag. Ein har ingen merknad til framlegget i ny §5.a, §7 og §8 i lov om barnehagar om registrering og rapportering på individnivå når desse er anonymisert.

Saksprotokoll frå møtet i Levekårsutvalet - 06.12.2007

Behandlingsinformasjon:

Kst. rådmann Dag Flacke orienterte.

Barnhagefagleg rådgjevar Kristin Dyrkorn orienterte.

Samrøystes vedtak: som framlegget frå rådmannen.

Vedtak:

Levekårsutvalet har følgjande framlegg til høyring om endringer i barnehagelova:

2) Rett til barnehageplass.

Ingen merknad til framlegget frå departementet om lovfesta rett for barn som har fylt 1 år ved hovudopptak frå 2009 i ny §12.a i lov om barnehagar.

2) Rammefinansiering.

Ved overgang frå statstilskot til rammeoverføringar for midlar til barnehagedrift, er det viktig med overgangsordningar som gjer at kommunen ikkje får brå endringer i inntektene. Ein er samd i

vurderingane til departementet om at kvalitetshevingsmidlar må ligge utanom midlane i rammeoverføringane.

3)Finansiering av ikkje-kommunale barnehagar

Departementet har fire framlegg, to der kommunen sjølv skal lage forskrift for kommunalt tilskot til ikkje-kommunale barnehagar og to der det vert sett ein prosentsats gjennom lovverk. Ein finn å kunne støtte alternativ tre i ny §14, då denne gir lik handsaming av godkjente ikkje-kommunale barnehagar, samtidig som kommunen sjølv har større råderett i høve til å vurdere om ein skal gi støtte til nye barnehagar etter 2009.

4)Registrering og rapportering av fødselsnummer

Barnehagane har registrerings- og rapporteringsansvar etter kontantstøtte ordninga og likningslova pr. i dag. Ein har ingen merknad til framlegget i ny §5.a, §7 og §8 i lov om barnehagar om registrering og rapportering på individnivå når desse er anonymisert.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vesentlege endringar i barnehagelova gjeldande frå 2009, er at det vert **lovfesta rett til barnehageplass** gjennom kommunen si plikt til å ha tilstrekkeleg barnehageplassar tilgjengeleg. Retten gjeld frå fylte 1 år. Andre endringar er at **tilskot til barnehagesektoren går inn som ein del av rammeoverføringane til kommunen. Kommunale og ikkje-kommunale barnehagar skal ha full økonomisk likeverdig handsaming**, og kommunen sitt ansvar for tilskot er heilskapleg og gjeld alle typar barnehagar. Vidare vil barnehageeigar få **plikt til å registrere og rapportere fødselsnummer til alle barn i barnehage** til Kunnskapsdepartementet, desse opplysningane skal i anonymisert utgåve kunne nyttast til vitskaplege formål.

Høyringsinstansen vert beden om å ta stilling til dei ulike framlegga frå departementet i dette dokumentet:

Saksopplysning

Retten til barnehageplass

Tilgjengelege tilbod

Departementet legg til grunn at det skal gjevast ein rett til barnehageplass i kommunen. Kjøp av plass i andre kommunar, gjev berre oppfylling av retten dersom det ikkje medfører at brukaren får eit vansklegare tilgjengeleg tilbod enn i heimekommunen. Kommunen sjølv kan legge andre føringar til grunn, krinsar eller geografiske område i kommunen. Tilboda skal svare til dei behova brukarane har, slik at det skal vere råd å søkje om delt plass eller heil plass. Tildeling av delt plass til nokon som søker heil plass, er ikkje oppfylling av retten.

Utbyggingsmønster og driftsformer skal tilpassast lokale forhold og behov og må bygge på kommunane sin lokalkunnskap. Kartlegging av framtidige behov, og tomter til barnehagar i kommunen sine arealplanar står sentralt.

Kommunen sitt behov for fleksible samarbeidsløysingar og familien sin rett til eit godt barnehagetilbod skal vurderast opp mot dei føringar departementet legg til grunn.

Samordna opptak

Kommunen har i dagen si lov ansvar for å gjennomføre samordna opptak for kommunale og ikkje-kommunale barnehagar. I opptaket skal ein ta omsyn til brukarane sine ønskje om val av barnehage og opphaldstid. Brukaren har klagerett dersom ikkje eitt av dei to først prioriterte tilboda vert oppfylt. Kommunen må såleis legge til rette for eit variert barnehagetilbod med tanke på pedagogisk profil og opningstid.

Eitt opptak

Kommunen gjennomfører i dag eitt hovudopptak med oppstart for barna i august. Alle søkjarar som fyller 1 år innan august skal vere med i hovudopptaket. Vidare er det mange kommunar som har

fortløpande opptak til ledige plassar gjennom året, dette er ikkje pålagt. Departementet ønskjer å innføre krav om to hovudopptak gjennom året samtidig med at retten til barnehageplass vert innført (2009). Det blir då eitt opptak til august og eitt opptak i februar. Retten til plass er knytt opp mot 1 års-regelen slik at den som har fylt 1 år ved opptaket, har rett til plass. Dette vert eit minimumskrav.

Departementet legg til grunn at gjennomføringa ikkje vil gi auka administrative konsekvensar for kommunen.

Rammefinansiering

Rammefinansiering av barnehagesektoren inneber at kommunane får eit heilskapleg finansieringsansvar for barnehagane, tilskotsordningane vi har i dag vil falle bort. Eventuell pålagde kvalitetshevingstiltak vil bli kompensert på vanleg måte. I rammefinansiering ligg det at midlane vert fordelt etter objektive kriterier framfor eit faktisk aktivitetsnivå, i hovudsak rekna etter talet på barn i barnehage og opphaldstid, som i dag. Kommunal og regionaldepartementet vil i samarbeid med Kunnskapsdepartementet utarbeide ein kostnadsnøkkel med eit sett av kriterier som skal fange opp ufrivillige variasjonar i kostnads- og etterspørselforhold for barnehagar. Overgangen frå tilskotsordning til rammetilskot er ei stor omlegging og det vert vurdert å innføre ei overgangsordning for kommunane. Dette skal sikre at den enkelte kommune ikkje får brå endringar i inntektene som følgje av omlegging til rammetilskot.

Finansiering av ikkje-kommunale barnehagar

Regjeringa legg føringar om at det skal sikrast ei tilstrekkeleg og "forutsigbar" finansiering av dei ikkje-kommunale barnehagane. Høyringsutkastet tek for seg to forhold knytt til finansiering av ikkje-kommunale barnehagar. Det eine er om det skal lovfestast finansieringsplikt for kommunane overfor ikkje-kommunale barnehagar og om ei slik plikt skal gi ein korresponderande rett til finansiering for alle godkjente barnehagar.

Dagen si finansiering av barnehagesektoren har tre kjelder; foreldrebetaling, statstilskot og kommunalt tilskot. Med innføringa av maksimalprisar la forskrift til lov om barnehagar avgrensing i barnehagen sitt høve til å påverke inntekstnivået gjennom foreldrebetaling.

Det er forskriftsfesta at ein skal ha søskenmoderasjon og at familiar med låg betingsevne skal kunne få reduksjon eller fritak for foreldrebetaling i både kommunal og ikkje-kommunal barnehage, kommunen skal sjølv finansiere dette. Statstilskotet knytt til talet barn og deira opphaldstid, skal vere med å finansiere basistilbodet i ein barnehage. I tillegg vert det gjeve særskilte tilskot for barn med nedsett funksjonsevne.

Gjeldande barnehagelov §14, seier at alle godkjente barnehagar skal handsamast likeverdig i forhold til offentlege tilskot. Kommunen har ansvar for dette. Hovudregelen for likeverdig handsaming vert definert som at kommunen skal dekke kostnader i alle godkjente barnehagar. Det betyr at kommunen skal dekke alle kostnader som ikkje vert dekt av andre offentlege tilskot og foreldrebetaling, minimum 85 % av det som tilsvarende barnehage eigd av kommunen i gjennomsnitt mottok av offentlege tilskot. Kommunen kan velje å legge seg på "enhetskostprinsippet" og sikre alle ikkje-kommunale barnehagar det same tilskotet som kommunale barnehagar får.

Kommunalt tilskot vert finansiert gjennom skjønsmidlar frå departementet og kommunen sine frie inntekter.

Finansieringsplikta til kommunen

Departementet vil med overgang til rammefinansiering, legge fram krav om at kommunane får plikt til finansiere eksisterande ikkje-kommunale barnehagar. Med eksisterande godkjente ikkje-kommunale barnehagar meiner departementet dei barnehagane som har søkt godkjenning seinast i løpet av 2009 og som følgje av søknaden har fått godkjenning etter §10 og 11 i lov om barnehagar. Desse ikkje-kommunale barnehagane vil ha ein lovfesta rett til kommunalt tilskot.

Kommunal skjønnskompetanse

For etablerarar som ønskjer å bygge barnehage etter 2009, vil departementet legge til grunn at kommunane sjølv skal ha kompetanse til å vurdere om det skal gjevast kommunalt tilskot. Ein har to prinsipp; fritt kommunalt skjønn og begrensa kommunalt skjønn. Ved fritt skjønn, er det viktig at kommunen er bevisst si dobbeltrolle som eigar og barnehagemyndede slik at eigarrolla ikkje påvirkar dei vurderingar ein skal gjere ved nyetableringar. Ved bergrensa skjønn vil ein få faste kriterier ved vurdering av tilskotssøknad. Nyetablerarar har rett til tilskot frå kommunen dersom drifta ikkje medfører vesentlege negative følger for det øvrige barnehagetilbodet i kommunen. Det må vere overkapasitet i kommunen før denne kan avslå ein søknad om finansiering av barnehage.

Finansieringsordning

Departementet har to framlegg til finansieringsordning. Det eine inneber at det ikkje vert lagt detaljerte reglar for berekning av kommunale tilskot. Kommunen får plikt til å utforme lokal forskrift for tilskot til ikkje-kommunale barnehagar. Det andre framlegget inneber at ein legg statleg regulering av finansieringsnivået i lova.

Alternativ 1 legg til grunn at kommunen vert pålagd å utarbeide lokale forskrifter om finansiering av ikkje-kommunale barnehagar, slik sikrar ein lik handsaming av desse barnehagane innanfor kvar kommune.

Alternativ 2 legg til grunn at staten i lov regulerar nivået på tilskotet. Det vert då fastsett i lov at ikkje-kommunale barnehagar får krav på ein gitt prosentsats av det tilsvarande kommunale barnehagar i gjennomsnitt mottek i kommunal finansiering. Barnehagetilbod er ei kommunal teneste og departementet vurderer det slik at finansiering gjennom ein rett for ikkje-kommunale barnehagar til å få sin del av kommunens eigen finansiering er mest hensiktsmessig. Dagens budsjetttramme tilseier at dei ikkje-kommunale barnehagane skal ha ein prosentsats i intervallet 85-100 %.

Full økonomisk likeverdig handsaming

Full økonomisk likeverdig handsaming vil innebere ei utviding av dei finansieringsforpliktingane kommunen har i dag og inneber at kommunen får ei plikt til å finansiere alle ikkje-kommunale barnehagar slik at dei får den same offentlege finansiering pr. opphaldstime som kommunale barnehagar får.


Rapportering av individopplysingar

Rapporteringsplikt av fødselsnummer for barn i barnehage

For å kunne dekke behovet for statistikk, forskning og analyse av utviklingstrendar og langsiktig effekt av barnehagetilbodet, er det nødvendig å samle inn og systematisere informasjon på individnivå. Dagen si barnehagelov opnar ikkje for at desse opplysningane kan brukast til statistikk, forskning og analyse. Etter personopplysningslova kan ein samle slike data, men departementet finn at dette bør ha ein eigen heimel i barnehagelova. Ein bør orientere om at opplysningane i anonymisert form skal rapporterast inn til ein database, men ein treng ikkje samtykke frå foreldre/føresette for å rapportere fødselsnummeret når det er heimla i lova

Dag Flacké
kst rådmann

Arild Bergström
stabssjef


Rett utskrift: Ingunn Hole Huhnes, utvalssekretær